

**KOMMUNEPLAN**  
**FOR**  
**SELJORD KOMMUNE**

2006 - 2021

**Langsiktig del**



Vedteke i kommunestyret 15.06.2006 – sak nr. 019/06.

# **Seljord kommunen sine langsiktige mål 2006 – 2021**

## **Strategidel**

### **Overordna mål**

**Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.**

### **Hovudmål**

**Hovudmål 1: Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.**

**Hovudmål 2: Seljord kommune skal vere eit regionalt næringscenter og ein attraktiv lokaliseringsstad for næringsetableringar.**

**Hovudmål 3: Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.**

**Hovudmål 4: Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.**

**Hovudmål 5: Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør.**

## **Samfunnsmessige mål**

### **Hovudmål 1: Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.**

- Seljord skal ha trygge og inkluderande lokalsamfunn.
- Seljord kommune skal medverke til at alle som flyttar til kommunen skal føle seg velkomne.
- Seljord kommune skal leggje til rette for bustadtomter i heile kommunen.
- Seljord kommune skal marknadsføre seg som ein bustadskommune for menneske sysselsette utanfor kommunen.
- Seljord kommune skal aktivt arbeide for å støtte opp om eit levande kulturtilbod for alle i kommunen.
- Seljord kommune skal vera med å vidareutvikle Seljord som arrangementsstad.
- Seljord kommune skal leggje til rette for gode fritids- og aktivitetstilbod.
- Seljord kommune skal leggje vekt på berekraftig utvikling.

### **Hovudmål 2: Seljord kommune skal vere eit regionalt nærings- og servicesenter.**

- Seljord kommune skal stimulere til nyskaping og vidareutvikling av næringslivet i kommunen.
- Seljord kommune skal stimulere bedrifter utanfor kommunen til å etablere seg i kommunen.
- Seljord kommune skal arbeide for at statlege og offentlege verksemder etablerar seg i kommunen.
- Seljord kommune må arbeide aktivt for å betre samferdselsårene i og til regionen.

### **Hovudmål 3: Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.**

- Seljord kommune skal i samarbeid med næringslivet koordinere aktivitetar innan reise- og næringsliv, kulturaktivitetar, uteliv og arrangement til eit heile.
- Seljord kommune skal arbeide for å skape levande og trivelege sentra.
- Estetiske omsyn skal vere gjennomgåande ved planlegging og utforming av det fysiske miljøet i kommunen.

## Mål for tenester

### **Hovudmål 4: Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.**

- Grunnskulen skal arbeide for å stimulere elevane til samfunnsengasjement, gje dei kunnskap, gode arbeidsvanar og god framferd.
- Barnehagane skal ha høg kvalitet og vere ein bevist lokal kulturbærar der barna skal oppleve ein kvardag fylt med omsorg, humor, leik, læring og sosialt samvær.
- Skulefritidsordninga skal vere eit tilbod prega av leik og sosial læring for alle barn i den aktuelle aldersgruppe.
- Kulturskulen skal utvikle elevane sine kunstnariske og skapande evner og oppmuntre til meningsfylt fritidsaktivitet.
- Barnehage- og SFO-tilbudet skal dekkje etterspørsel og i størst mogeleg grad vere tilpassa eit fleksibelt arbeidsliv.
- Seljord kommune skal vidareutvikle dagens gode helse- og omsorgstilbod, og så langt råd er sikre liv og helse for alle.
- Innbyggjarar som ikkje kan klare seg sjølve skal ha eit teneste- og omsorgstilbod som er tilpassa funksjonsnivå og heim/ nærmiljø.
- Innbyggjarane skal få tenester på lågaste effektive omsorgsnivå, uavhengig av kvar i kommune ein bur.
- Seljord kommune skal leggje vekt på førebyggjande tiltak slik at eiga helse blir ivareteken, og at ein får hjelp til å meistre eigen livssituasjon.

## Organisatoriske mål

### **Hovudmål 5: Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør**

- Seljord kommune skal vera ein attraktiv arbeidsplass.
- Den administrative organiseringa skal byggje opp under rådmannen sitt ansvar for å fylgje opp politiske vedtak, og sjå til at det blir arbeidd i samsvar med sentrale og lokale politiske målsettingar.
- Kommunen skal auke samspelet med eksterne aktørar for å nyttiggjere seg av kompetanse på tvers av privat og offentleg sektor – dette for å skape utvikling og vekst.
- Den administrative og politiske leiinga har ansvaret for å utvikle ein god og open kommunikasjon, og ei tverrfagleg og heilskapleg tenking.

- Seljord kommune skal vera ein ”ja kommune” der lovar, forskrifter, retningsliner m.m. skal nyttast for å sjå mogleghetar, ikkje for å finne hindringar.
- Seljord kommune skal ha elektroniske heimesider av høg kvalitet for å gje god informasjon og god kommunikasjon med kommunen sine innbyggjarar og andre interesserte.
- Kommunen skal søkje samarbeid med andre kommunar der dette er tenleg ut frå eit økonomisk, brukar- eller fagleg perspektiv.